

# Feirar Flekkefjord sin **store forfattar**

Den 5. mars 2017 er det 150 år sidan forfattaren, bonden, moromannen og målmann Hans Seland (1867 – 1949) blei fødd på garden Seland i tidlegare Nes kommune. Dagen blir feira i Spira laurdag 4. mars. Utover landet er han nok mest kjend som bokforfattar til over 30 bøker. Diktarkovdingen Hans Seland hadde mykje meir å spela på.

Av Agnar Klungland

## Dette var dei mest kjende arbeidsområda hans:

- Komikaren og moromannen som samla og fortalde skjemte-historier på sin eigen dialekt for fulle hus både i Oslo (I Tutti Frutti-revyen på Eldorado scene i Storgt. på 1890-talet), - og over store delar av landet. Kanskje ein av dei første «Stand-up-komikarane» i Noreg.

- Barnebokforfattaren. Boka om Prinsesse Gullsko kom ut i mange opplag. Dyreforteljingar f. eks. «Dagros og andre dyr».

- Folkelivsskildraren med levande og innsiktsfull fortelling om livet på små heiegardar på Sør-Vestlandet. Dei var alle småkårsfolk, men likevel stotte sjøveigarar, og med stemmerett ved val. Ei rik kjelde til kulturhistoria for vestre del av Vest-Agder.

- Redaktør og skribent i «Grannen» – samlingsblad for segn og søge med lokalhistorie frå vestre del av Vest-Agder. Bladet blei lenge gitt ut av Mållaget i Flekkefjord i samarbeid med avisa Agder. Flekkefjord historielag gav i 1996 ut Grannen samla i fire bøker.

- Kampen for rettferd. Arbeid med Hetlesaka – ei påstått drapsak - i meir enn 40 år. Dei dømde blei til sist frikjend ved Høgsterettsdom i 1940-åra. Dette var den første saka i moderne norsk rettshistorie som nådde fram til fornya behandling etter vedtak i Høgsterett. Gjennomføring av dommen blei gjort av Gulatting lagmannsrett.

- Eigne dikt og salmar. Gjendiktning av salmar, dikt og songar på nynorsk, mellom anna Grundtvig, Wexels, Jeppe Aakjær, Holberg m. fl.

- Faglitteratur innan landbruk. Bok om fruktdyrking.

- Organisasjonsmannen og politikaren (varmann til Stortinget for Venstre) Med på skipinga av Bondepartiet. Styreverv i pionertida både i Noregs Mållag og Noregs Bondelag (1916 – 1946).

**KULTURFEST:** Til feiringa av dagen kjem kvindølen Andreas Hompland. Han tar utgangspunkt i boka «Arbeidsmann» av Hans Seland og sitt eige arbeid med avhandlinga frå 1984: «Torkyrs industriarbeidarar i streik: Trælendsfos, Kvinesdal 1925»



BYSTE: Hans Seland bonde og forfattar, står det på bysten som no er på den gamle kyrkjegarden på Sundu.

Advokat Bjørn Stordrange vil fortelje om Hans Seland sitt arbeid med justismordet Hetlesaka. Hetle-saken er ei mykje omtala norsk kriminalsak i si tid der bonden Mikal Hetle og sonen Ole Hetle i 1907 ble uskyldig dømt for å ha tatt livet av naboen Henrik Hetle i Gaular i Sogn og Fjordane i 1906. Saka er rekna som den mest omstridde og omtalte strafferettsaka i norsk rettsvesen si historie før Torgersen-saka i 1958, og Liland-saka i 1970.

Idar Stegane, litteraturvitaren vil ha innlegg som han har forska på i det norske skriftlivet generelt og det nynorske skriftlivet spesielt.

**BARNEFORTELJING:** Elevar ved Flekkefjord kulturskole framfører ei av barneforteljingane frå boka Seland si bok: «Prinsesse Gullsko». Arne Stakkeland med fleire vil syngje songar som er dikta eller gjendikta av Hans Seland. Flekkefjord ungdomslag og mållag om dans. Ingvild Seland om «Det står kvinner bak», om kona Serena sin rolle. Ole Z. Torkildsen er programleiar og forteljar denne kvelden.

I Spira vil Flekkefjord historielag som med-arrangør, presentera Grannen-bøkene, og Flekkefjord Bibliotek stiller ut alle bøkene forfatta av Hans Seland.

**OMFATTANDE:** Det er altså eit omfattande og interessant program på denne «Seland-kvelden». Han er mest kjend som forfattar. Det er på sin plass å

heidra kanskje den største forfattar som er fostra her i regionen. Hans Andreas Johannesson Seland, fødd 5. mars 1867 i Nes, død 30. juni 1949, var forfattar, bonde og målmann. Han var bondeson og vaks opp på garden Seland og døydd der. Foreldra var Johannes Ingvarson Seland (1829–1915) og Karen Sofia Staaesdotter (1835–1924). Journalisten og redaktøren av Fedrelandsvennen, Johannes Seland (1912–99) var Hans Seland sin nevø. Sonesonen Nils Seland har hatt mykje med jubileumsfeiringa å gjera.

På sin lune måte kasta Hans glans over bondelivet i helg og yrke. Han makta å bruka dialekt utan spjåk av noko slag. Han klarte i krinsar i Oslo og endra synet på landsbygda. Det hadde vore vanleg å knote til bymål ettersom ein kom oppover i systemet i politikk og organisasjonsliv. Hans Seland heldt på si Seland-dialekt og stod for det ekte i bygdemålet. Seland og Arne Garborg skal ha mykje av æra for endringa i bruk av dialekt i høgare Oslo-krinsar.

**DEBUTERTE 1890:** Hans Seland debuterte som forfattar i 1890 med «Ungdom: Espen sine songar». Frå vinteren 1893 arbeidde han som bladmann i Nordmannen i Oslo og slo gjennom som forteljar. Dei neste åra arbeidde han heime på garden vår og sommar. Ofte reiste han på forteljar- og foredragsferd om hausten og var heime og skreiv på vinterstid. Det ble både bar-

nebøker, bygdelivsskildringar, «skjemtesoger», artikkelar og brosjyrar, songar og salmar – 32 bøker i alt.

I 1903 fikk han forfattarstipend frå staten for å reise til Amerika. I 1925 representerte han Norges Bondelag ved 100-årsfeiringa for norsk utvandring til Amerika.

**MOROMANN:** Hans Seland var kjent for sine morostubbar. Ingvar Olimstad har fortald denne: Hans var i styret Noregs Bondelag frå ca. 1916 til 1946, og han var aktiv i kampen for at ikkje organisasjonen skulla hamna på feil side under krigen. Han hørde elles til den noko nasjonalromantiske fløy av Norges Bondelag - ein fløy som blei kalla «Moldevangelistane» (Mottløyen var «Mjølkepragmatikarane» frå storgardane).

Det kan virka som om Hans kan ha hatt ein viss innverknad på bondelagsleiar Melby som «leika» litt med NS ei tid. Olga Bjoner blei kalla «Riksrøya», melde seg inn i NS og var med i representantskapet i Bondelaget. På eit møte i representantskapet i Erfjord bruka Hans Seland sterke ord på talarstolen og sa at dei som ville samarbeida med tyskarane kunne dra «til helsike». Då reiste Olga Bjoner seg og gjekk mot døra. «Set deg, Olga, eg meinte ikkje just med det same», kvesste Hans Seland i.

På ei samling i Oslo var både Hans Seland og sjølve Bjørnstjerne Bjørnson til stades. Hans presenterte seg overfor

Bjørnson som «Den største forfatarane i landet! (Hans måtte to meter på sokkeleisten).

Hans kunne bli sterkt engasjert. På 75-årsdagen til Jens Tvedt som han feira heime i Stavanger var det mange gjester, og det vart nok litt slitsamt for jubilanten. Etter ei stund kom han med eit hjertesukk: «Hjelp meg av med Seland før han pratat meg i hell! No har han teke til att med å greia ut om den sygjelege Hetlesaka. Eg orkar ikkje høyra meir om ho».

**POPULÆR:** Hans blei rekna for bondene sin talsmann. Diktarkovdingen og skrånemakaren var populær i mange lag som foredragshaldar, talar og underhaldningsmann. Han hadde innpass hos dei fleste, men også ein del var skeptiske: Kunne ein mann med så mange eventyr og skjemtesoger, skrånemakar som han var, brukast på Stortinget? Heilt til det siste heldt han motet oppe og moroa høgt. Han lika 17. mai då krossflagget faldt seg ut i ein vaknande natur med lovsong. Han forma takken i sin eigen 17. mai salme. Dei gamla lika han og blei i godlag då dei fortalde soger om Nes-sogningene. Ungdommen heldt han fram som ein stor lærermeister, og borna las om og om att bøkene hans.

I «Agder i segn og søge», Menn og Minne, Band 1, er skrive over 30 sider om Hans Seland utgitt til 100-årsdagen i 1967. Her er mykje interessant lesing om diktarkovdingen.